

Bergen, 7.6.1985
EL/VJ

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

J. 76/85

FORSKRIFTER OM REGULERING AV SILDEFISKET I SKAGERRAK I 1985.

Fiskeridirektøren har den 5. juni 1985 i medhald av Fiskeridepartementet sine forskrifter av 21. desember 1984 om regulering av sildefisket i Skagerrak i 1985 § 1 andre leden, fastsatt fylgjande forskrifter:

§ 1

Norske farty kan frå 6. juni 1985 fiska inntil 2.000 tonn sild til konsum i Skagerrak utafor 2 n. mil frå dei norske grunnlinene og 4 n. mil frå dei svenske og danske grunnlinene.

Området er avgrensa i vest av ei rett line mellom Hanstholm fyr og Lindesnes fyr og i aust av ei rett line mellom Tistlarna fyr og Skagen fyr.

§ 2

Konsesjonspliktige ringnotfarty kan fiska og levera 1.100 hl på kvar tur. Andre farty kan fiska og levera 800 hl på kvar tur.

§ 3

Fisket vert stogga når kvoten er pårekna oppfiska.

§ 4

Desse forskriftene tek til å gjelda straks.
